



Ove Kåre og Astrid H. Risa
Risasjøvegen 305
5955 Lindås.

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6356 - 14/20692

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid

Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

11.09.2014

Gbnr 123/2 Risa. Løyve til deling av grunneigedom for overføring av areal til gbnr123/62.

Eigedom: Gnr.123 bnr.2 Risa
Adresse for eiged.: Risasjøvegen 305, 5955 Lindås
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring
Heimelshavar: Ove Kåre Risa og Astrid Helland Risa
Søker: Ove Kåre og Astrid Helland Risa

Saka gjeld:

Gnr.123 bnr.62 er ein bustadeigedom. Til eigdommen høyrer garasje, men den er bygget på grunn som høyrer til gnr.123 bnr.2. Det vert no søkt om å få dele frå den parsellen av 123/2 som garasjen står på. Parsellen er om lag 300m². Den er såleis større enn garasjen, noko som skuldast arronderingsmessige tilhøve og at veg fram til garasjen også vert overført til bustadeigdommen.

Plansituasjon/dispensasjonar:

For området der parsellen ligg, gjeld gammal kommuneplan. Kommunedelplan for området er under utarbeiding, men er enno ikkje ferdig.

Gnr.123/2 er landbruk.

Trass i at området er LNF, vurderer kommunen at tiltaket ikkje fører til endringar i høve til den eksisterande situasjonen. Parsellen som er søkt delt frå er alt nytta til føremålet. Den er knytt til og vert føya saman med ein alt eksisterande bustadeigedom.

Bustadområde B2 ligg på motsett side av vegen. Området har karakter av bustadområde og tiltaket endrar ikkje på dette.

Dispensasjon for å gjennomføre tiltaket vert på denne bakgrunnen, vurdert som ikkje naudsynt.

Nabovarsel:

Nabovarsel er ikkje naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Deling fører ikkje til endring av desse tilhøva.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



VEDTAK:

Med heimel i pbl.§20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på om lag 300m2 frå gnr.123 bnr.2 slik det er søkt om og synt på kart motteke i kommunen 01.09.2014.

Parsellen skal nyttast som tillegg til gnr.123 bnr.62 og skal føyast saman med dette bnr.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skia tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.

Det gjeld frådeling av 300m2 som det alt står ein garasje på. Parsellen er eit tillegg til ein eksisterande bustadtomt.

Løyvet til deling er gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Delinga er i samsvar med etablert og godkjend bruk.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gjeldande gebyrregulativ for kommunen, vedteke i desember 2013, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Delingssøknad i uregulert område, andre føremål kr.5800,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker. Jamfør Forvaltningslova §§ 28 flg. Sjå vedlegg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hjørdis Fimreite Risa

Risasjøvegen 304 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Ove Kåre og Astrid H. Risa

Risasjøvegen 305 5955